



Øyvind Molland
Torvhågevegen 7
9409 HARSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2908 - 15/20488

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
16.11.2015

Godkjenning - oppføring av kombinert garasje/carport i Dalemarka, gbnr 21/87. Godkjenning dispensasjon frå reguleringsføresegner - grad utnytting.

Administrativt vedtak. Saknr: 405/2015

Tiltakshavar: Øyvind Molland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 06.11.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av kombinert garasje/carport i Dalemarka, gbnr 21/87.

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 5 i Reguleringsplan for Dalemarka.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Dalemarka – planid 1256200000127 - regulert til bustadområde.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 21.10.2015. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Utnyttingsgrad, plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Reguleringsplanen opnar for ein utnytting av tomta på inntil 25 % BYA. Det omsøkte tiltaket vil føre til at utnyttingsgraden vert overskriden, og er oppgjeve til 26,6 % BYA.

Tomta har eit areal på 489,9 m².

Både heimel og vilkår for dispensasjon følgjer av pbl § 19-2. I tillegg til vilkåra i denne lovføresegna skal det under sakshandsaminga takast omsyn til den generelle føremålsføresegna i pbl § 1-1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vilkåra for å gje dispensasjon er at omsyna bak føresegna det vert dispensert frå ikkje vert sett vesentleg til side og at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene, jf pbl. § 19-2 andre ledd.

Eigedomen vil få tilfredsstillande parkeringsløyising og ei god utnytting av utearealet ved oppføring av kombinert carport/garasje.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at vilkåret for å gje dispensasjon er tilstades, jf pbl. § 19-2.

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 06.11.2015. Det ligg føre erklæring frå gbnr 21/103, som gjev gnr 21/87 rett til å føre opp garasje/carport i felles grense mellom eigedomane.

Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte.

Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl. § 19-2 dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 5, utnyttingsgrad, i Reguleringsplan for Dalemarka, for oppføring av carport/garasje på gbnr 21/87 i Meland kommune, i samsvar med søknad om dispensasjon motteke 06.11.2015.

Meland kommune gjev, i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-4, løyve til bygging av kombinert carport/garasje på gbnr 21/87 i samsvar med søknad motteke 06.11.2015.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 06.11.2015.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Garasjen skal plasserast i grense mellom gbnr 21/87 og gbnr 21/103 i samsvar med erklæring dagsett 20.02.2008.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framtil det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
21-87

Mottakere:

Øyvind Molland

Torvhågvengen 7 9409

HARSTAD